

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE - 242, TI - &00	16/102

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
050/2017	Formannskapet	PS	06.09.2017
045/2017	Kommunestyret	PS	21.09.2017

Revidering av strategisk næringsplan og vedtekter for næringsfondet.

Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtek revidert *Strategisk næringsplan og Vedtekter for næringsfondet* slik dei ligg føre.

I saker som gjeld stønad til næringslivet er det formannskapet som er næringsfondsstyre. I saker som gjeld kommunale fellestiltak er der kommunestyret som er næringsfondsstyre. Jfr. paragraf 2

Saksopplysningar:

Hausten 2016 vart det satt i gong eit arbeid med å revidere strategisk næringsplan (1998) og vedtekter for næringsfondet (1994). Revidering av strategisk næringsplan er omfatta i kommune sin planstrategi for perioden 2013 – 2017.

Arbeidet har blitt leia av ei styringsgruppe som inkluderer formannskapet, rådmannen, kultur- og utviklingssjef og landbrukssjef. Undervegs er det gjennomført 2 opne høyringar gjennom kommunen si nettside, samt epost til alle verksemder i Modalen. I tillegg vart det oppretta ei referansegruppe som skulle komme med innspel til planarbeidet. Her har det vore gjennomført 2 møter. Planen har og blitt presentert på bondelunsj slik at landbruksaktørane i kommunen skulle kunne komme med innspel.

Bakgrunn

Både *Strategisk næringsplan og Vedtekter for næringsfondet* var frå 1990-åra. Sjølv om mykje framleis var aktuelt og syner at det vart gjort godt framtidsretta arbeid i dei tider, var det grunnlag for å revidere slik at ein kunne sjå desse dokumenta og verktøya i samanheng med dei utfordringar ein kjenner i dag.

Samfunnet endrar seg fort. Det set krav til at dei ulike aktørane som arbeider innanfor næringsrelatert verksemd samarbeider om å møte framtida på best mogleg vis. Gjennom å drøfte i formannskapet/styringsgruppa, invitere gjennom høyringar og referansegruppe, så vil me kunne komme fram til ein felles plan for korleis arbeide for målsetjinga om at det skal vere attraktivt å drive næringsverksemd i Modalen.

Næringsfondet er eit av dei sterkaste økonomiske verktøya kommunen kan ta i bruk for å stimulere til næringsutvikling. Det var difor naturleg å sjå desse 2 dokumenta i samanheng. Slik framlegget syner er det den strategiske næringsplanen med sitt tiltaksprogram som legg føringar for bruken av tilskot/lån frå næringsfondet. Det vil difor vere naturleg at det vert gjort endringar i ein næringsplan framover, medan vedtektene for næringsfondet står fast over lengre tid.

Vurdering

Rådmannen vurderer at det har vore ein god og open prosess rundt arbeidet. Det er gjort analysearbeid (SWOT) innleiingsvis for å komme fram til kva fokusområde planen skal leggje til grunn. Her var referansegruppa tidleg inne og drøfta aktuelle problemstillingar. I undervegshøyringa (mars 2017) kom det innspel frå høyringsaktørar som var viktige for det vidare arbeidet.

Framlegget som no ligg føre omfattar eit handlingsprogram som synleggjer på konkret nivå kva som skal gjerast dei næraste 4 åra, samt kven som er ansvarlege for tiltaka. Det vert lagt opp til ei evaluering av planen etter første 4-års periode (2021).

Konklusjon

Rådmannen rår til at framlegg til strategisk næringsplan og vedtekter for næringsfondet vert vedteke slik dei ligg føre.

Formannskapet - 050/2017

FOR - behandling:

Kultur og utviklingssjef orienterte om prosessen og høyringsrundane.
Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Modalen kommune vedtek revidert *Strategisk næringsplan* og *Vedtekter for næringsfondet* slik dei ligg føre.

Kommunestyret - 045/2017

KS - behandling:

Kultur- og utviklingssjef Ove Sæbø gjekk gjennom Strategisk næringsplan og vedtekter for næringsfondstyret. Under diskusjonen om tiltaksplanen kom det opp forslag om tiltak i båthamna, slik som diesel og straum. Kristin Nåmdal kom med framlegg om å endre ordlyden i punktet som omhandla båthamna frå "auke talet plassar i båthamna" til "utvikle båthamna".

Sigmund Vikane meinte at det i § 6 burde kome klarare fram kven som har avgjerdskompetanse. Tom Kristian Thorsen kom med framlegg om å erstatte fyrste setning i denne paragrafen med: "I saker som gjeld stønad til næringslivet er det formannskapet som er næringsfondsstyre.

I saker som gjeld kommunale fellestiltak er der kommunestyret som er næringsfondsstyre. Jfr. paragraf 2."

Ved avrøysting vart framlegg til vedtak med begge endringsframlegga samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Modalen kommune vedtek revidert *Strategisk næringsplan og Vedtekter for næringsfondet* slik dei ligg føre med fyljande endringar:

I Strategisk næringsplan skal setninga "auke talet plassar i båthamna" endrast til "utvikle båthamna".

I Vedtekter for næringsfondet § 6 skal fyrste setning erstattast med: I saker som gjeld stønad til næringslivet er det formannskapet som er næringsfondsstyre.

I saker som gjeld kommunale fellestiltak er der kommunestyret som er næringsfondsstyre, jfr. §2.

Vedlegg:

Strategisk næringsplan 2017 - 2021, framlegg til vedtak

Næringsfondsvedtekter - framlegg til vedtak

Tilskotsordningar+for+landbruket+i+Modalen